



Elisabeth Klette er ein ny, men likevel allsidig målar. Det syner ho i debututstillinga i Uskedalen. Her står ho med eit motiv frå Beinavikjo i tidlegare tider. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Ho har alltid hatt lyst til å måla, men ikkje hatt nok energi til det ved sida av jobben som heimehjelp. Men no debuterar Elisabeth Klette (44, frå Austrepollen i Mauranger og busett i Rosendal) med ei utstilling av eigenproduserte akrylmaleri – i Uskedalen. Det er berre to og eit halvt år sidan ho freista penselen for første gong.

Debuten skjer i lokala til Kunst & Ramme (Kjetil Dagestad), eit minigalleri som i seg sjølv er ein verdfull tilvekst til kulturbygda.

Det er den ytste delen av rammeverkstaden som fungerer som galleri og der ynskjer Kjetil fleire som vil å stå fram hjarteleg velkomne som utstillarar. Han har eitt sterkt ynskje om å vera ein "forløyser" for slike som så langt ikkje har hatt mot til å eksponera seg offentleg.

- Også eg har måla eindel på bestilling, fortel Elisabeth. Til dømes var ho tom for verdic art-bilete før utstillinga og måtte produsera nokre nye til opninga, som gjekk føre seg fredag føremiddag..
- Korleis byrja det?
- Eg fann fotografi på nettet som eg fall for og måla etter dei. Det var til dømes fleire gamle foto frå Beinavikjo i Uskedalen, og eg har sjølvsagt med desse i utstillinga. Ellers har eg sendt mannen min ut for å fotografera både her og der, fortel ho og peikar på eit suggererande panorama over Rosendal sett frå Vetan på Snilstveitøya. Ho fotograferer også mykje sjølv der ho kan ferdast.
- Men eg er ikkje nøgd med Rosendal-biletet, særleg ikkje med fjorden, seier ho.

Elisabeth tykkjer det også er spanande å eksperimentera med farger og form og her kjem verdic art inn i biletet. Då kjenner ho ikkje resultatet i detalj før biletet er ferdig!

Ho har gått på kurs i denne teknikken og har meldt seg på til et nytt målarkurs i Odda i november. Kurs med Lars Slettebø har ho og bak seg.

Som ein forstår spenn utstillinga i Uskedalen vidt. Eit fargesprakande måleri Elisabeth har kalla "Energi" er i ei særklasse. Verdic art-måleria er enda meir fargesprakande og gjer ein glad. Andre måleri etter fotografi er framfor alt Vangssago både før og no, den gamle turnhallen i Rosendal – og naturleg nok baroniet.

Av Ola Matti Mathisen